



Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett

Bedriftsnr. 974 742 667

Rettsbok

Tinglysingsutdrag

Sak: 1210-2013-0035 Svortland

Gnr. 109 i Bømlo kommune

Oppstarta: 24.9.2014

Avslutta: 13.3.2015

Dette er eit rettkjent utdrag av rettsboka som inneheld alle opplysningar av varig verdi og som skal tinglysast, jf. jordskiftelova § 24 første ledd.



VEDTAK

Domstol: Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
Dato: Måndag 29.9.2014
Stad: Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett sine lokale på Stord
Sak nr.: 1210-2013-0035 Svortland gnr. 109 i Bømlo kommune - utsett frå 24.9.2014

Saka gjeld: Krav om sak etter jordskiftelova § 2 bokstav b

Rettsleiar: Jordskiftedommarfullmektig Åse-Berit Nytun

Meddommarar: Anne Britt Melkevik Dahle, 5410 SAGVÅG
Knut Vikane, 5414 STORD

Protokollførar: Retten sin leiar

Saka er kravd av: Jens Kristian Sortland

Til handsaming: Fremjing av saka

Partar: 109/2 Bømlo kommune
109/3 Inge Bertin Sortland
109/4 Sammy Olsen
109/5 Inga Sortland Svanheld
109/5 Simon Knutsson Sortland
109/5 Martin Knutsson Sortland
109/5 Hanna Sortland Raknes
109/6 Reidar Johan Sortland
109/7 Lennart Sortland
109/8 Lovise Tjong Sortland
109/9 Bernhard Andreas Selle
109/10 Svein Arne Sortland
109/10 Bodhild Hope Sortland
109/11 Sigurd Jenssen
109/11 Marianne Jenssen Drescher
109/13 Jens Kristian Sortland
109/19 Gudny Sortland
109/26 Inga Sortland Svanheld
109/26 Tore Martin Svanheld
109/136 Inga Sortland Svanheld
109/136 Tore Martin Svanheld

Eigedomane ligg i Bømlo kommune

.....

Retten vil gjere merksam på at det ikkje er teke noko avgjerd om kven som har rettar i området, men legg til grunn det partane har lagt fram om partslista.

.....



**VEDTAK OG
AVSLUTTING
AV SAKA**

Domstol: Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
Dato: Fredag 13.3.2015
Stad: Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett sine lokale på Stord
Sak nr.: 1210-2013-0035 Svortland gnr. 109 i Bømlo kommune

Saka gjeld: Krav om sak etter jordskiftelova § 2

Rettsleiar: Jordskiftedommarfullmektig Åse-Berit Nytun

Meddommarar: Anne Britt Melkevik Dahle, 5410 SAGVÅG
Knut Vikane, 5414 STORD

Protokollførar: Retten sin leiar

Saka er kravd av: Jens Kristian Sortland

Til handsaming: Avseiing av rettsfastsetjande vedtak
Avseiing av regulerande vedtak
Fordeling av jordskiftekostnadane
Avslutting av saka

.....

Jordskifteretten drøfta saka og gjorde med heimel i jordskiftelova §§ 2, 16 og § 17a, slikt

rettsfastsetjande vedtak

Dette vedtaket gjeld fastsetjing av eigedomsgrensene for eigedomane 109/26 og 109/136, mot

eigedomen 109/13, i Bømlo kommune. Dette vert gjort som del av jordskiftesak etter jordskiftelova § 2.

Det er kravd jordskifte etter jordskiftelova § 2 for eigedomane 109/2, 109/3, 109/4, 109/5, 109/6, 109/7, 109/8, 109/9, 109/10, 109/11, 109/13, 109/19, 109/26 og 109/136 i Bømlo kommune. Kravet nemner at eigedomsgrensa for 109/26 er uklar og at rorbua på denne eigedomen kan vere bygd ut om grensa for eigedomen og inn på eit fellesareal som Svortland grunneigarlag administrerer. I tillegg har ei endring på rorbua vanskeleggjort bruken av fellesarealet, då nye dører på rorbua vender ut mot fellesarealet.

.....

Med bakgrunn i dette kjem jordskifteretten til slik sams

slutning

1. Eigedomsgrensa mellom eigedomane 109/26 på venstre sida og 109/13 på høgre sida tek til i sjøen så langt ute som privat eigedomsrett går, og går etter reglane i vassdragslova til sjølina ved middels høg vasstand og derifrå vidare i retning 76,82 til punkt 1. Derifrå går grensa 10,57 meter til punkt 2, vidare 6,53 meter til punkt 3, derifrå 12,68 meter til punkt 4 og vidare i same retning til sjølina ved middels høg vasstand og deretter vidare utover i sjøen etter reglane i vassdragslova, så langt ut privat eigedomsrett går. Grensa syner som grense 1 på vedlagt grensekart med kartarkivnummer 129788, og er skildra som grense 1 i etterfylgjande grenseskildring.

2. Eigedomsgrensa mellom eigedomane 109/13 på venstre sida og 109/136 på høgre sida tek til i punkt 5 og går vidare 10,34 meter til punkt 6, vidare derifrå 7,35 meter til punkt 7. Derifrå går grensa vidare 10,43 meter til punkt 8 og derifrå 9,43 meter til punkt 5. Grensa syner som grense 2 på vedlagt grensekart med kartarkivnummer 129788, og er skildra som grense 2 i etterfylgjande grenseskildring.

Utgreiing om grensa

Grensa går i rett line mellom dei grensepunkta som det er oppgjeve retning for. Retninga mellom punkta er rekna ut frå koordinatane til punkta og er oppgjevne i høve til nordretninga på kartet. Sirkelen er delt inn i 400 grader.

Avstanden mellom grensepunkta er horisontale mål i meter. Grensemerka er boltar/røyr av aluminium med hovud. Hovudet har påskrift "GRENSE" og "JORDSKIFTERETTEN".

Grense 1

Eigedom til venstre: Gnr. 109 bnr. 26

Eigedom til høgre: Gnr. 109 bnr. 13

Punktnr	Skildring	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
---------	-----------	---------	---------	-------------	-------------

Grensa tek til i sjøen så langt ute som privat eigedomsrett går, og går etter reglane i vassdragslova til sjølina ved middels høg vasstand og derifrå vidare i retning

76,82

til punkt

			6634105,47	284912,67
1	Umerka grensepunkt			
		76,82	10,57	
2	Off. godkj. grensemerke i fjell		6634109,24	284922,55
		399,24	6,53	
3	Umerka grensepunkt		6634115,77	284922,47
		277,20	12,68	
4	Umerka grensepunkt		6634111,32	284910,60

Grensa går så vidare i same retning til sjølina ved middels høg vasstand og deretter vidare utover i sjøen etter reglane i vassdragslova, så langt ut privat eigedomsrett går.

Grense 2

Eigedom til venstre: Gnr. 109 bnr. 13

Eigedom til høgre: Gnr. 109 bnr. 136

Punktnr	Skildring	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
	Grensa tek til i punkt				
5	Umerka grensepunkt			6634110,17	284924,26
		14,45	10,34		
6	Umerka grensepunkt			6634120,24	284926,59
		97,95	7,35		
7	Off. godkj. grensemerke i jord			6634120,48	284933,93
		201,47	10,43		
8	Off. godkj. grensemerke i fjell			6634110,05	284933,69
		300,79	9,43		
5	Umerka grensepunkt			6634110,17	284924,26

Jordskifteretten drøfta saka og gjorde med heimel i jordskiftelova §§ 2 bokstav c nr. 2 og 17a, slikt

regulerande vedtak

Dette vedtaket gjeld reglar for bruk i område der det ikkje er sambruk mellom eigedomar, men der jordskifteretten finn at det ligg føre særlege grunnar.

Det er kravd jordskifte etter jordskiftelova § 2 for eigedomane i Bømlo kommune. Kravet nemner m.a. at ei endring på rorbua har vanskeleggjort bruken av eit fellesareal administrert av Svortland grunneigarlag, då nye dører på rorbua vender ut mot fellesarealet. Svortland grunneigarlag ynskjer arealet som vert bandlagt av dørene, kompensert på eigedomen 109/136, som eigar av rorbua (109/26) har i området.

.....

Med bakgrunn i semja partane i mellom, tidlegare utsende framlegg til regulerande vedtak, merknad og tilsvar, kjem jordskifteretten til slik sams

slutning

Reglar for bruk:

1. Eigar av rorbua, 109/26, skal snu den bakerste (austlegaste) av rorbudørene som vender ut mot fellesarealet, slik at den opnar seg innover i rorbua i staden for utover mot fellesarealet.
 2. Utanfor den fremste (vestlegaste) av rorbudørene (dobbeldører) som vender ut mot fellesarealet skal fellesarealet, ved den bakerste (austlegaste) av dobbeldørene, få disponere arealet utanfor som om døra vende innover.
 3. Ved den fremste (vestlegaste) av dobbeldørene, skal det vere plass for eigar av rorbua til å opne denne delen av dobbeldøra, fullt opp, utover.
 4. Tilgangen til rorbua gjennom rorbudørene nemnde i punkt 1, 2 og 3 må ikkje hindrast.
 5. Svortland grunneigarlag skal markere parkeringsplassane mot 109/26 på fellesarealet.
 6. Fellesarealet har rett til å nytte ein parkeringsplass i den søre enden av 109/136. Storleiken på parkeringsplassen som fellesarealet kan disponere er 5 meter i retning aust x 2,5 meter i retning nord.
 7. Køyrevegen inn til fellesarealet må ikkje stengast eller innskrenkast. Køyrevegen skal ha ein breidde på 3 meter.
-

Tinglysing

Saka vil bli tinglyst på fylgjande eigedomar i Bømlo kommune: 109/2, 109/3, 109/4, 109/5, 109/6, 109/7, 109/8, 109/9, 109/10, 109/11, 109/12, 109/13, 109/19, 109/26 og 109/136.

Retten heva. Saka slutta.
Stord, 13.3.2015.

Jordskiftedommarfullmektig
Åse-Berit Nytun

Jordskiftedommar
Anne Britt Melkevik Dahle

Jordskiftedommar
Knut Vikane

Rett utskrift: Hanne Kjærland Lønning